

Pressemelding 08.05.2020

Alle elevar skal vere tilbake på skulen innan 15. mai

Frå måndag 11. mai byrjar skulane i Volda å opne for 5. - 10. klasse. Sidan det er stor ulikskap i storleiken på skulane våre, kan nokre opne for alle elevar allereie måndag, medan andre skular treng måndagen til å justere gruppeinndelingane og gjere i stand klasserom og uteområde også til dei eldste elevane.

Opninga for dei eldste elevane blir difor slik:

Måndag opnar desse skulane for alle elevar frå måndag:

Austefjord skule

Hornindal skule

Folkestad skule

Dalsfjord skule

Tysdag opnar desse skulane for 5. – 7. klasse:

Mork skule

Øyra skule

Bratteberg skule

Volda ungdomsskule tek i mot 10. klassingane måndag, medan 8. og 9. klasse startar opp utetter i veka.

For dei yngste elevane som i tillegg har SFO, vil opningstida framleis vere mellom 08.00 og 16.00.

For eldre elevar kan skuletida variere litt mellom skulane. Meir informasjon om oppstarten for 5.- 10 klasse får elevar og føresette frå sin skule.

Vaksenopplæringa startar også opp måndag.

Kulturskulen vil starte opp med ein til ein undervisning frå 18. mai. Nærare melding vil elevar og føresette få frå kulturskulen.

Når alle elevar no skal tilbake til skulen, vil skuleskyss kunne bli ei utfordring når avstandskrav og smittevernet skal takast i vare på bussen. Det vert difor igjen oppmoda om at foreldre som har høve til det sjølve skyssar egne barn til og frå skulen. Dette gjeld for elevar som bur så langt frå skulen at dei må ha transport. Andre elevar vert oppmoda om å gå eller sykle til skulen.